



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Møteinnkalling

Utval: **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtestad: Herangtunet, Øystre Slidre
Dato: 14.11.2022
Tidspunkt: 11:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Viser til førebels innklling.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 39/2022	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 40/2022	Referatsaker		
RS	Kvalitetsnorm for Villrein - Vest-Jotunheimen - Oppstartsmøte delnorm 3		2022/10171
ST 41/2022	Delegerte vedtak		
38/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - innsamling av mose - Moseklubben		2022/7269
39/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2022 - Bruk av drone for kartlegging ved Fannaråkbreen - UiB institutt for geografi v/Lina Jackute		2022/8572
40/2022	Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 -Skutertransport i samband med avslutning byggearbeid - naust ved Rundhaugtjønne i Luster - 215/1/10 - Sognefjellshytta		2019/18592
41/2022	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon 2022 - Helikoptertransport - Etablering av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen		2022/6761
42/2022	Delegert vedtak - Utladalen LVO - Dispensasjon 2022 - Drone - Dokumentasjon av konstruksjon Vettisfossen - Ekehaug Maskin AS		2022/9588
ST 42/2022	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområde, naturrestaurering og SNO-ressursar i verneområde - 2023		2022/10936
ST 43/2022	SNO-ressurs Jotunheimen og Utladalen - Sikre god overgang og kompetanseoverføring ved rekruttering av ny medarbeidar i 2023		2022/10145
ST 44/2022	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Ressurs for informasjonsarbeid knytt til forvaltning av dei store verneområda		2022/9890
ST 45/2022	Eventuelt		

ST 39/2022 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 40/2022 Referatsaker
Kvalitetsnorm for Villrein - Vest-Jotunheimen - Oppstartsmøte delnorm 3
2022/10171
ST 41/2022 Delegerte vedtak
38/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - innsamling av mose -
Moseklubben 2022/7269
39/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2022 - Bruk
av drone for kartlegging ved Fannaråkbreen - UiB institutt for geografi v/Lina
Jackute 2022/8572
40/2022 Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 -Skutertransport i
samband med avslutning byggearbeid - naust ved Rundhaugtjønne i Luster -
215/1/10 - Sognefjellshytta 2019/18592
41/2022 Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon 2022 -
Helikoptertransport - Etablering av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen 2022/6761
42/2022 Delegert vedtak - Utladalen LVO - Dispensasjon 2022 - Drone -
Dokumentasjon av konstruksjon Vettisfossen - Ekehaug Maskin AS 2022/9588

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2022/10936-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 08.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	42/2022	14.11.2022

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområde, naturrestaurering og SNO-ressursar i verneområde - 2023

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen vil med utgangspunkt i den store ferdselen i Jotunheimen, samanlikna med andre nasjonalparkar, be om at tildeling av tiltaksmidlar også må reflektere besøkstalet og graden av ferdselslitasje på stinettet, og ikkje berre dele ut mest mogleg likt til dei ulike verneområda.

Nasjonalparkstyret søker om tiltaksmidlar for 2023 via elektronisk søknad til følgjande tiltak:

Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategi og forvaltningsplan

- Utsjekk og supplering av igangsette tiltak ved av innfallsportane
 - mindre terrengarbeid ved utkikkspunkt Sognefjellet for betre kanalisering
 - stell og vedlikehald ved informasjonstavler, m.m.
- Temabrosjyrer dyre- og planteliv

Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen.

- Rekkverk og steinsetting (sherpatenester) på stien opp på Vettismorki frå Vetti
- Vedlikehald og førebyggjande tiltak på utsette plassar med registrert slitasje / erosjon
- Stivurdering og ryddetiltak ved Glittertinden

Skjøtsel, vidareføring av etablert opplegg (budsjett SNO-Jotunheimen):

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styving/rising av alm og lind. Vedlikehald av styvingstre i heimre Utladalen
- Krattrydding/vedlikehald Øvre Utladalen
- Styrt beite ved Gjendebru (geit)
- Styrt beite ved Gjendebru (storfe)
- Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebruområdet
- Slått av kve ved Gjendebru blir utført annakvart år – på dagsorden i 2023.

Forvaltningsplan

- Auke kunnskapsgrunnlaget – jf. pågåande arbeid med revisjon av forvaltningsplan
- Kartlegging av bygningar i nasjonalparken og landskapsvernområdet, slutføring

Andre tiltak

- Vedlikehold og drift av eksisterende tiltak

Endeleg prioritering av tiltak blir gjort i 2023, etter at Miljødirektoratet har vedteke tildeling av midlar. Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, da dette skal gje grunnlag for bruk av verneområda som ein ressurs for lokalsamfunnet. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må derfor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, og stivedlikehald, restaurering og tilrettelegging i område definert som brukssoner med meir intensiv bruk.

Etablert skjøtsel av kulturlandskap blir vidareført under leiing av SNO/Jotunheimen.

Ønskte tenester frå SNO:

- Oppfølging av ferdselsteljarar (eco-counter) i Jotunheimen og Utladalen.
- Skilting: Standard droneskilt på aktuelle innfartsårer. Ettersyn, supplering.
- Administrasjon av tiltak på stignettet. Kartlegge behov for utbetringar. Særleg behov for bistand med revegetering og kavlelegging knytt til prosjektet med utsiktspunkt Vettisfossen og administrasjon av stiltak på stien opp frå Vetti.
- Oppfølging av prioriterte skjøtselstiltak i medhald av plan

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Brev av 02.11.22 frå Miljødirektoratet - *Rammer og opplegg for statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder – 2023*. Vedlegg:
 - *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025*
 - *Skjema for innspill om ønsket SNO ressurs i verneområder*
- Klima- og miljødepartementet - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene*
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen, godkjent 07.11.12, med seinare justeringar
- Oversikt tiltak 2021-2024 (vedlegg 1)

Saksopplysningar

KLD sin handlingsplan for styrka forvaltning av verneområda og brev frå Miljødirektoratet med strategi og rammer for bruk av tiltaksmidlar dannar ramma for tiltak det kan søkast om.

Utdrag av informasjonsskriv av 02.22.22 frå Miljødirektoratet om rammer for tildeling 2023:

Naturrestaurering

Posten kan benyttes til å restaurere forringet natur i terrestriske økosystemer som våtmark, skog, fjell, kulturlandskap og åpent lavland. Vi er inne i FN's tiår for naturrestaurering (2021-2030). Restaurering er nødvendig for å stoppe tapet av naturmangfold og under dette virkninger av klimaendringene. Midlene skal benyttes til å gjennomføre restaureringstiltak, blant annet med grunnlag i Plan for restaurering av våtmark i Norge (2021-2025). - - -»

Merknad: Ved andre tildelingsrunde hausten 2022 vart det løyvd midlar til naturrestaurering i samband med stiomlegging og revegetering knytt til prosjekt utsiktsplattform Vettisfossen, og arbeidet vil bli slutført vår/forsommar 2023.

Tiltak i verneområder

Målet for bruken av midler til tiltak i verneområder er at naturtilstanden opprettholdes og bedres. Miljødirektoratet legger Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder til grunn for tildeling av midler - - Prioriteringene i strategien skal også følges ved innmelding av tiltak. - - Alle tiltak skal kostnadsberegnes og gis unik prioritering. Alle innmeldte tiltak skal være i tråd med godkjent forvaltnings- eller skjøtselsplan, besøksstrategi eller andre relevante styringsdokumenter. - - Det kan tildeles midler til kartlegginger og andre nødvendige utredninger som er direkte knyttet til tiltak.

Merknad: Jotunheimen/Utladalen har fått tildelt ein forholdsvis stor pott tiltaksmidlar i 2023, for å kunne gjennomføre bygging av utsiktsplattform Vettisfossen i ein konsentrert periode. Siste del av finansieringa vil kunne gå ut over andre tiltak i 2023.

Pågående skjøtselstiltak

Statsforvalteren kan for 2023 søke om en ramme på inntil kr. 500 000 per fylke for pågående skjøtselstiltak (ved senere endringer i fylkesinndeling tar vi forbehold om endret fordeling). Dersom behovet skulle overstige tildelt ramme, må overskytende tiltak spesifiseres som egne tiltak i ESS. Tiltak der SNO er økonomisk ansvarlig, meldes inn som enkelttiltak i ESS, og ikke som del av en ramme.»

Merknad: Skjøtsel i av kulturmark i Jotunheimen og Utladalen gjeld etablerte fleirårige tiltak, og blir innmeldt av tiltak under SNO sitt ansvarsområde

Vedlegg 1 viser oversikt på tiltak i verneområda for perioden 2021-24.

Vedlegg 2 viser innspel til SNO-ressurs i verneområda Jotunheimen og Utladalen i 2023

Det har i saksførebuinga vore dialog via Teams-møte mellom forvaltarar og lokalt SNO. SNO følgjer opp kulturmarksskjøtsel og ferdselsregstreringar, og kan via tenestekjøpsavtaler bidra med andre tiltak. Sjå forslag til bestilling av tenester.

Nasjonalparkforvaltarane og Rigmor Solem i SNO vil i møtet orientere nærare om gjennomførte tiltak i 2022 og plan for aktuelle tiltak frå 2023 og framover.

Status og gjennomførte tiltak i 2022

- Utsiktsplattform Vettisfossen er på plass, etter eit omfattande arbeid med utlysing, val av tilbydar og oppfølging med byggemøte og ulike avklaringar elles under byggeprosessen. Det vart engasjert byggeleiar frå Asplan Viak i Leikanger, men forvaltarane har likevel måtta bruke mykje tid på oppfølging. Dette gjeld særleg forvaltar på vestsida, som har fylgd opp med behandling av dispensasjonssøknader og informasjon til lokalsamfunnet, i tillegg til deltaking på synfaringar og møte i anleggsperioden. Tiltaket har også hatt ein del utfordringar på økonomi, der ein gjennom dialog med Miljødirektoratet, Årdal kommune og Statsforvaltarane i Innlandet og Vestland har kome fram til ei løysing slik at ein fekk gjennomført byggeoppdraget innan ei konsentrert periode hausten 2022.





- Stien mot utsiktspunktet er flytta på strekninga mellom Morkaelvi og den nye plattformen. Arbeidet er utført i samarbeid med SNO-Jotunheimen, Utladalen Naturhus og DNT Oslo og Omegn i juni 2022. Det er laga opplysningsskilt og fareskilt som blir sett opp til våren.
- Arbeid med revegetering av den tidlegare stitraseen ute på kanten av juvet vart sett i gang i september, etter at forvaltninga hadde søkt og fått midlar til restaureringstiltak over post 14.20.38. Utladalen Naturhus er engasjert til gjennomføring, under leiging av SNO. Arbeid med kavlelegging av blaute parti på stiane oppe på Morki er i gang, og vil bli fullført i 2023. Materialar til kavlelegging vart frakta opp med helikopter i samband med transport til plattformen. Restaureringsarbeid og kanaliseringstiltak over blaute parti vil i hovudsak føregå ved hjelp av manuelt arbeid og bruk av motorsag til oppdeling og bearbeiding av kavlane. Revegetering rundt den nye plattformen vil bli utført til våren.
- Ny sikteskive med namn på fjelltoppar på ved pilot innfallsport Sognefjellshytta. Utsikten er i tilknytning til turrunden rundt vestre del av Fantesteinvatnet. Utsiktstoppen er svært lett tilgjengeleg, og har panoramautsikt til Smørstabbtindane, Hurrungane og Fannaråken/Steindalsnosi. Skiva er ferdig, men forseinkingar i produksjon hos firmaet som skulle står for gravering gjorde at ein må utsetja opning av dette punktet til sommaren 2023.
- Nye skilt ved Spiterstulen og Leirvassbu vart produsert i 2021, og montert våren 2022.
- Stiltak/stiomlegging ved Besseggen gjennomført i september 2021, ved hjelp av eit sherpalag. Sluttføring og merking for kanalisering til ny trase utført av oppsynet i 2022.
- Kulturmarksskjøtsel i Utladalen og ved Gjende bu utført i tråd med plan.
- Statuskartlegging biomangfald og slitasje i området Knutshøe/Øvre Leirungsdalen i 2021 viste behov for supplerande kartlegging av fugleliv i Gjendeområdet. Registreringar med fokus på rovfugl og fjellhekkande ender utført i 2022. Rapport kjem på nyåret 2023.
- Skjøtelsplan Utladalen teken opp til revisjon og oppdatering 2021-22. Under vurdering for godkjenning.
- Tilleggskartlegging av særleg verdfull lindebestand ovafor Hjelle gjennomført 2022.
- Det er behov for vidare kartlegging av verdifulle vegetasjonstypar på nordsida av Gjende. Dette er tiltak nemnd i besøksstrategien for Besseggen, under sårbarheitsvurdering.

Den samla tilrettelegginga i tråd med merkevaren er i hovudsak gjennomført. Dette gjev innfallsportane til verneområda ein meir einskapleg profil. Det er viktig å sikre ressursar til vedlikehald og nødvendig utskifting av skilt og informasjonstavler ved behov.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020.

Overordna føringar

Strategi for bruk av tiltaksmidler 2020-2025 frå Miljødirektoratet gjev m.a. følgjande føringar: «Det overordnede målet for forvaltning av verneområder er å ivareta verneformålet og verneverdiene i det enkelte verneområde. Postbeskrivelsen for post 1420.31 Tiltak i verneområde, gir viktige formelle rammer for hvordan tiltaksmidlene skal disponeres. Størrelsen på tiltaksposten avsettes i hvert års statsbudsjett - - -.

«Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene. For å kunne ivareta verneverdiene innenfor verneområder, vil det av og til

være nødvendig å gjennomføre tiltak også utenfor verneområdene. Dette betinger samarbeid og avtale med grunneiere.

- - -

For å oppnå en god forvaltning av verneområder, kan det være nødvendig med generelle naturkartlegginger, sårbarhetsvurderinger, brukerundersøkelser, utarbeidelse av forvaltnings- og skjøttsplaner, overvåking og utarbeidelse av nettsider o.a. Slike tiltak finansieres ikke over kap./post 1420.31, men over andre budsjettposter.»

Strategien framhevar følgende føresetnader for tildeling av midlar:

«Tiltak skal være forankret i en skjøtts- eller forvaltningsplan, en besøksstrategi for området eller andre relevante styringsdokumenter.

I forkant av innmeldingen må formaliteter rundt tiltaket være avklart, som planavklaringer og innhenting av nødvendige tillatelser for gjennomføring av tiltaket. I tillegg må eierforhold og tilsyns-/drift- og vedlikeholdsavtaler være avklart.

I Handlingsplan for styrka forvaltning av verneområda står m.a.: "For større installasjoner som fugletårn mv. er det krav om en betydelig samfinansiering fra andre for å kunne prioritere tiltaket. Videre må eierforholdet og vedlikeholdsansvaret avklares på forhånd."»

Merknad: Utsiktsplattform Vettisfossen (jf. sak 39/2020) er av typen «større installasjoner», og har fått halv million i tilskott frå Sparebankstiftinga Vest og 50.000 frå UNI-stiftinga.

Vurdering

Det kan søkjast om tiltak til informasjon, skjøtsel og tilretteleggingstiltak som er relevante for å ta vare på verneverdiane og å leggje rette til verdiskaping innan rammene for vernet. Alle tiltak skal vera i tråd med godkjent forvaltnings-/skjøttsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Det er svært mange som gjestar Jotunheimen/Utladalen. Ein må derfor leggje vekt på tiltak som tek vare på verneverdiane. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for berekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet. Brukarundersøking frå 2019-20 har gjeve verdfull informasjon om tiltak som blir etterspurt av brukarane.

Det kan synast som om Jotunheimen får meir tiltaksmidlar enn mange andre verneområde, men tildelingane må også sjåast i samanheng med besøkstalet og sårbar vegetasjon, fugle- og dyreliv. Dersom vi skulle fordelt tildelte tiltaksmidlar på tal besøkande, ville nok dette vist at Jotunheimen har langt mindre ressursar per gjest enn dei mindre besøkte verneområda. Det å kunne førebygge slitasje og press på verneverdiane i dei mest besøkte områda tilseier at ein kvart år må ha ressursar til vedlikehald og opprusting av stinettet, samt nødvendig kunnskapsinnhenting. Der vi ser særlege utfordringar knytt til sårbare verneverdiar, burde ein også hatt vesentleg auka ressursar til informasjon og oppsyn.

Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien

Innføring av nytt design i tråd med merkevaren «Norges Nasjonalparker» har hatt ei trinnvis gjennomføring, i tråd med gitte løyvingar og kapasitet på personalsida. Vedlagt oversikt viser status for innføring av merkevaren. Ein har nå i stor grad fått skifta ut eldre skilt til ny design. Tiltak som er fullført i tråd med merkevaren markert med grønt. Der det står att litt avsluttande arbeid er fargen litt lysare. Dette gjeld m.a. ved Sognefjellshytta, der stitraseane nærast turisthytta har stått på vent fram til ny terrasse vart fullført. Det er behov for litt avsluttande terrengarbeid for kanalisering av ferdselen inn mot den opparbeidde turrunden, for å unngå trakk overalt rundt merkevareinstallasjonane. Det vil vidare vera viktig å halde tilrettelegginga ved alle innfallsportane ved like og eventuelt supplere med nye tiltak, i tråd

med besøksstrategien, når denne blir revidert. Det må derfor søkjast om ein pott til å følgje opp eventuelle manglar ved innfallsportane til kvar tid.

Oppfølging og vidare utvikling av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 må ha høg prioritet i åra framover. Strategien er nå under revisjon, saman med forvaltningsplanen. Vi ligg litt på etterskott i dette arbeidet pga gjennomføring av det nokså krevjande prosjektet med nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen, men vil gje planarbeidet topp prioritet på nyåret 2023.

Vegvisningsskilt (brune skilt) til nasjonalpark langs hovudvegane bør supplerast og oppdaterast til ny design der det framleis står skilt med gamle symbol (stjerne i staden for portal). Forvaltarane i Vestland har hatt ei felles henvending til Statens Vegvesen for å starte på ein prosess. I Luster er det aktuelt å samordne informasjon som gjeld Breheimen, Jostedalsbreen og Jotunheimen.

Annan informasjon – samarbeid med andre

Reiselivslaga etterspør ofte informasjon, og plakatar for verneområda er nyttige element ved innfallsportane – jf. resultat av brukarundersøking 2019. Positiv tilrettelegging på utvalde område kan også ha kanaliseringseffekt som kan bidra til avlastning av sårbare område som ikkje bør bli marknadsført. For å kunne skjerme sårbare område mot trafikk i hekke- og ynglesesong på våren, trengst auka satsing på informasjon og dialog med reiselivet.

Det er ønskjeleg å ha temabrosjyrer til dei som ønskjer meir utfyllande informasjon om naturkvalitetane i området. Ein ambulerande natursti til bruk ved arrangement og overfor skuleklasser har vore på tiltakslista over tid, og vil bli arbeidd vidare med når ein får betre kapasitet. I tillegg til tradisjonell informasjon med plakatar og brosjyre, bør det satsast meir på digital presentasjon av opplevingar i verneområda. Nettside med nytt design er på plass, og dersom ein lagar temabrosjyrer om t.d. fugl må desse også gjerast tilgjengelege digitalt.

Tiltak som har vore spelt inn tidlegare som ikkje er gjennomført pga. manglande ressursar er temabrosjyrar om dyre- og planteliv. Arbeid med brosjyre for planteliv er sett i gang saman med Norsk fjellsenter. Dyreliv og andre tema bør vidareførast frå 2023 og utover.

Informasjonssenter er eit tredje element i informasjonen. Samarbeid med Norsk Fjellsenter om ymse informasjonstiltak som geologisti og liknande er aktuelle tiltak. Ved Krossbu kjem ein ny geologisti inn mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbreen, da det her er svært tydelege kvartærgeologiske formasjonar som eignar seg for formidling. Også langs vegen innover Utladalen kan det ligge godt til rette for ein natur-/ kulturstig, og her er samarbeid med Utladalen Naturhus aktuelt. Det kan også vera andre område i randsonen der ein kan sjå for seg særleg tilrettelegging med naturinformasjon.

Stiltak

I områda med størst besøkstrykk trengst årlege ressursar for reparasjonar og restaurering av stinettet. Dette gjeld særleg i områda rundt dei mest profilerte turmåla – Besseggen/Gjende, Galdhøpiggen og Vettisfossen, men også på utsette strekningar langs Fv. 55, der mange stoppar og tek ein avstikkar eller lengre tur inn mot nasjonalparken. T.d. inn mot Bøverbreen frå Krossbu er det ein del våte parti med behov for gangbaner ut over dei som alt er lagt ut. I andre område kan stepstones vera eit godt alternativ. Val av løysing er avhengig av tilgang på stein og forholda på staden. Elles vil ein kvart år registrere punkt som krev oppfølging, avhengig av slitasje og erosjon etter smeltevatn.

Utsiktspunktet ved Vettisfossen og stien opp frå Vetti

Ny utsiktsplattform er nå på plass, og arbeidet med revegetering er i gang. Ein må rekne med auka besøk til området, men vurderer tilrettelegginga oppe ved utsikten som robust nok til å tole auka trafikk. Stigen opp lia frå Vetti til Vettismorki går i svært krevjande terreng, og for å førebygge slitasje og erosjon av vatn må ein supplere steinsettinga på dei mest utsette partia. For å få stabile trappetrinn i dei brattaste henga vil det vera behov for mannskap med

særleg kompetanse. Det vart utført nokre strakstiltak ved hjelp av eit sherpalag i 2021, men kartlegging viser fleire parti som treng forsterking. I tillegg er det behov for utskifting og supplering av rekkverk/vaier der stien kan vera glatt i enkelte periodar. Stiltak i tråd med formingsveileder i samband med prosjekt utsiktsplattform bør få høg prioritet – jf. besøkstal.



Det er registrert ein del slitasje på stien mot Glittertinden, og det er behov for ryddeprosjekt på toppen, der gammalt skrot har smelta fram. Det er behov for midlar til stiltak i 2023.

Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar

Det er og behov for auka kunnskap om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar omfattande kartleggingane av biologisk mangfald og brukarinteresser, noko som er standard i nye verneplanprosessar. Sårbarheitsvurdering og kartlegging av rovfugl som dekkjer heile verneområdet er teke inn som eit ledd i arbeidet med forvaltningsplan. Ein har også fått utført betre samanstilling av kunnskapsgrunnlaget for villrein, og eit grunnlagsarbeid knytt til endra reglar for sykling og organisert riding. Med desse utgreiingane vil ein ha eit betre kunnskapsgrunnlag for revisjon av forvaltningsplanen. Samtidig endrar ferdselsmønsteret i områda seg stadig, auka besøk og utvida sesongar. Dvs. at det er behov for ferdselsregistreringar særleg i området med sårbar natur som villrein og hekkelokalitetar for rovfugl. Vi føreset at noko kunnskapsinnhenting knytt til vilrein vil koma gjennom arbeidet med kvalitetsnorm for villrein. Det er og fleire fagområde som bør få betre registreringar etter kvart som ein har kapasitet og ressursar. Det er t.d. ønskjeleg å arbeide meir med kulturminneregistreringar i samarbeid med dei respektive fylkeskommunane, både for å ta vare på kulturminna og for å kunne formidle historia til besøkande. Kapittel om kulturminne i forvaltningsplanen vil gje føringar.

Brukarundersøking

Brukarundersøkingar for Jotunheimen har vore gjennomført i 1992, 2002, 2010 og 2019. Analysane av brukarundersøkingane er oppsummert i sluttrapportar frå 2020, og desse inneheld nyttig kunnskap for revisjon av forvaltningsplan og besøksstrategi.

Besseggen som Nasjonal turiststi

Brukarrapporten har vore viktig i arbeidet med prosjektet *Besseggen som Nasjonal turiststi*. Nasjonalparkforvaltar ved knutepunktet i Lom er representert i styringsgruppa og har delteke aktivt i arbeidet med utarbeiding av besøksstrategi for Besseggen, m.a. når det gjeld høyringsrunden (jf. sak 22/2022). Av turmåla som inngår i det foreløpige nettverket for aktuelle nasjonale turiststiar, er Besseggen den einaste som ligg i ein nasjonalpark, og det er derfor viktig avt verneområdeforvaltninga deltek aktivt i prosessane om Besseggen.

Skjøtsel (skjøtselsbudsjettet er administrert under SNO):

Skjøtsel i Gjendebu og i Utladalen vert planlagt vidareført. Skjøtselstiltaka er omfattande, og har gått over fleire år. Dei siste åra er skjøtselen i Utladalen også utvida til Øvre Utladalen. Framlegg til skjøtselsplan har vurdert dei ulike skjøtselsområda i Utladalen og tilrår vidareføring, men rangerer også dei ulike områda. Skjøtselsplanutkastet manglar formell godkjenning, og arbeid med dette starta opp i 2020/21. Skjøtsel av kulturmark er svært ressurskrevjande og krev innsats over tid. Ei utviding betyr derfor at ein bind opp ressursar for åra framover, da det har liten hensikt å berre utføre eingongstiltak. Ved prioritering av skjøtselsområde vil styret samstundes gje signal om at tiltaket bør ha høg prioritet også i åra framover. Prioritering mellom tiltaksområde bør vere fagleg forankra i skjøtselsplanen. Ved eventuelt behov for prioriteringar må verneverdi ha stor vekt, og tiltak i samarbeid med aktive drivarar i landbruket vil også ha stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

SNO og andre prioriterte aktivitetar

Forvaltninga kan be om særlege fokusområde for oppfølging av SNO.

Ferdselsteljing

Sentrale punkt får utplassert ferdselteljarar for å kunne følgje utviklinga over tid. I 2022 var det utplassert teljarar ved Besseggen/Veslløyfte, Knutshøe, på sti frå Juvvashytta mot Galdhøpiggen, Skagastølsryggen og stien frå Vetti mot Vettisfossen (nede).

Ferdseleksregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje bruksmønster og hauste erfaringar, for å kunne vurdere tiltak for å skjerme sårbare område og styre ferdsel til mindre sårbare periodar.

Både 2020 og 2021 har hatt endra ferdselsmønster som følgje av coronasituasjonen. Rundt Besseggen ser det ut som om det har etablert seg eit nytt ferdselsmønster etter corona-perioden, med færre båtpassasjerar og færre som går Besseggen. Endringane kan også ha samanheng med endra parkeringsmønster.

Analyse av resultatane må også sjåast mot generelle endringar i reiselivet i desse åra.

Knutshøe blir foreslått vidareført. Kunnskapen ein har fått gjennom teljingane på Knutshøe viser behov for å arbeide for å prøve å styre ferdselen meir mot seinsommaren og hausten, når fuglelivet er mindre sårbart overfor forstyrringar. Ferdsla over Knutshøe har om lag dobla seg frå 6.554 passeringar i i perioden juni-oktober 2016 til 13.277 passeringar 2021, og ein bør halde fram med registreringane på dette sårbare området. Det var i 2020 og 2021 ein generell nedgang i trafikken som følgje av reiserestriksjonar knytt til coronasituasjonen, men teljar ved Knutshøe har i motsetnad til dei andre områda hatt auke både frå 2019 til 2020 og frå 2020 til 2021. 2022 har ein ubetydeleg nedgang frå 2021. Vidareført teljing er viktig for å kunne registrere eventuell effekt av å bruke [UT.no](https://www.UT.no) som informasjonskanal for å motivere besøkande til å unngå ferdsel vår/forsommar, når konflikt mellom ferdsel og hekking er stor.

Teljar ved Vetti blir flytta attende til øvre stien mot Morki for å måle eventuell auke i trafikken etter at ny utsiktsplattform er på plass. Teljar ved bommen inn til Utladalen i 2020 gav ein overordna oversikt på trafikken til eit mykje nytta utfartsområde. Ein vil prøve eit opplegg å ha teljar ved stigane mot Vettisfossen og alternere mellom stigen til foten av fossen og stigen opp til Vettismorki dei komande åra.

Teljar mot Galdhøpiggen på Juvflye blir justert for å få betre måling av ferdsel frå Juvvashytta utanom det som skjer i regi av lokale fjellføringsfirma som går med gjester over over Styggebreen.

Teljar på Skagastølsryggen blir justert for å få betre målingar. Det er sterkt ønskjeleg å ha teljar av typen trakkematte også her. Dersom ein ikkje får tak i ein ekstra av denne typen,

kan teljar ved Vesleløyfte flyttast over til Skagastølsryggen i 2023. Denne teljaren vil gje verdfull informasjon i samband med det pågåande arbeidet knytt til kvalitetsnorm for villrein for Vest-Jotunheimen.

Teljing i Veslløyfte bør vidareførast for å følgje utviklinga knytt til Besseggen som nasjonal turiststi, men dersom ein ikkje får tilgang på nok teljarar av god nok stabilitet må ein i 2023 prioritere teljinga på Skagastølsryggen for å få pålitelege registreringar her.

Kartlegging av stislitasje og administrasjon av stiltak

Tilrettelegging og vedlikehald av stigar er framheva som viktige tiltak i besøksstrategien. Forslag til stigtiltak i tiltaksplan er basert på registrerte behov i felt. SNO har lokalkunnskap og kompetanse på praktisk stiskjøtsel, og sørgjer for best mogleg utnytting av tiltaksmidlane på dette området.

Kontroll og registreringar

Ferdige byggetiltak bør kontrollerast opp mot gitt dispensasjon, og ny status for aktuelle anlegg bør oppdaterast.

Ulovlege tiltak og brot på vernereglane følgjast opp. Der det er pålegg om oppretting eller rydding blir det bestilt utsjekk i bestillingsskjema til SNO. Nasjonalparkstyret har hatt ei sak med krav om opphøyr av avfallsbrenning, og ein har fått informasjon at det også kan vera andre bedrifter som praktiserer brenning av papir. Det vil i dialogmøtet med DNT Oslo og Omegn bli gjeve informasjon om reglane som gjeld for handtering av næringsavfall, og eventuelle avvik bør følgjast opp av oppsynet.

Registrering av sårbare artar bør vidareførast, m.a. med sjekk av utvalde hekkelokalitetar og oppfølging av situasjonen for villreinen i Vest-Jotunheimen. Reinstammen blir vurdert som svært sårbar. Dette er arbeid som i stor grad kan kombinerast med andre oppsynsoppgåver.

Oppsummering

Det er i tiltaksplanen lagt opp til at alle prioriterte innfallsportar skal ha tilrettelegging i tråd med merkevaren.

Tiltak for å motverke slitasje og erosjon på stinettet er eit kontinuerleg behov i det mest trafikkerte områda.

Ein må vera førebudd på å ta ut eller justere enkelte tiltak som det er søkt om når ein ser endeleg tildeling. Enkelte av dei foreslåtte tiltaka kan gjennomførast med redusert nivå – t.d. redusere omfanget av skjøtsel, eller ta ut tiltak. På enkelte større tiltak kan det vera aktuelt med spleiselag med andre aktørar, slik at bidraget frå nasjonalparkmidlane kan justerast.

Styret blir og invitert til å koma med innspel når vi går gjennom tiltakslista i møtet.

Dei endelege prioriteringane vil bli gjort ved framlegging av ny sak til nasjonalparkstyret på etterjulsvinteren, etter at tiltaksmidlane er fordelt av Miljødirektoratet på nyåret i 2023.

Jotunheimen/Utladalen vart tilgodesett med høvesvis stort tilskott for bygging av ny utsiktsplattform ved Vettisfossen i 2022, og ein må nok derfor vera budd på at ein ikkje får særleg mykje i 2023. Men med utgangspunkt i det omfattande stinettet, med stor trafikk og ein del slitasje og erosjon på utsette strekningar, må ein likevel søke om ressursar til å forsterke og førebygge erosjon og slitasje der behovet er størst. Det at Jotunheimen har såpass stor ferdsel samanlikna med mange andre nasjonalparker gjer at tildelingane hit også må reflektere besøkstalet og graden av ferdselslitasje på stinettet.

Innspill om ønsket SNO ressurs i verneområder. (sett inn nye linjer for hvert ønsket utført oppdrag)

2023		Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen					Fylles ut	
Forvaltningmyndighet							Ansvarlig i SNO-1	Tidsbruk (dagsverk)
Verneområde/Tema	Prioritering	Beskrivelse av oppdrag og metode	Forankring i planverktøy	Rapportering (Verneområdelogg, Artsobs, Natstat).	Merknad			
Verneområde/Tilrettelegging								
Jotunheimen, Utladalen	1	Administrere stillrettlekking				Behovsvurdering nye tiltak og iverksetting av vedtekne tiltak. Følgje med på utvikling av stisykling		
Utladalen	1	Administrere stillrettlekking og revegetering ved utsiktsplattform Vettisfossen				Revegeteringsprosjekt i samarbeid med Naturhuset. Eventuelt stiltak opp frå Vetti		
Jotunheimen	1	Knutshø - sjekke merking utsett parti, vurdere slitasje				Supplere merking ved behov		
Jotunheimen	1	Adm. og oppsetting av Eco-counter Knutshøe, Juvfye evt. Besseggen og/eller Skagastølsryggen				Oppsett av teljar med trampematter. Manuell observasjon av ferdselsmønster ved Knutshø, 1 dag.		
Utladalen		Oppsetting og administrering av Eco-counter Utladalen ved Vetti gard				Flytte teljar over til øvre stien		
Verneområde/Skjøtsel								
Jotunheimen, Utladalen	1	Administrering av skjøtsel				Planlegging. Inngå avtaler med skjøtelsesmedarbeidarar, setja i verk tiltak til rett tid		
Utladalen	1	Førebuing og vedlikehald styvingar av alm og lind.				Oppretthalde kulturmark, setja i verk skjøtsel		
Verneområde/Bevaringsmål								
Jotunheimen, Utladalen		Overvaking bevaringsmål	Skjøtelsesplan	Natstat		2 lokalitetar for overvaking plukka ut i samråd med forvaltarane. Gjennomførast i samsvar med føreslått opplegg for overvaking i skjøtelsesplan.		
Verneområde/Tilsyn og kontroll								

Jotunheimen, Utladalen	1	Tilsyn med saker med pålegg om rydding og/eller oppretting ved turistbedrifter				Brev av 20.07.22 til Memurubu Turisthytte - ref. 2019/5429-14 432.2		
Jotunheimen, Utladalen	2	Registrere om det blir brent papir eller anna næringsavfall ved bedrifter				Informere om reglane som gjeld for handtering av næringsavfall, og rapportere eventuelle avvik		
Jotunheimen, Utladalen	1	Kontroll av tiltak i samsvar med dispensasjonar				Sjekke nye tiltak (bygning, bruer) om vilkår i dispensasjon. Rapportere ev. avvik.		
Jotunheimen, Utladalen	2	Tilsyn med eksisterande skiltinformasjon				Kartlegge behov for utskifting og supplement. Setja opp nye skilt ved behov		
Jotunheimen, Utladalen	1	Store arrangement (festivalar, konkurranser)				Vera synleg til stades. Forvaltninga set opp kalender		
Jotunheimen, Utladalen	1	Dronebruk				Sjekk av løyve og ulovleg bruk		
Jotunheimen, Utladalen	1	Motorferdskontroll				Sjekk av motorferdsel-løyve		
Jotunheimen, Utladalen	1	Kartlegging og overvaking av villrein og rovfugl				Løpende oppdrag til oppsyn, særleg vekt på vårtrekk og hekkesesong. Vurdere forstyrning		

Tiltaksplan Jotunheimen og Utladalen 2020-2022

Utkikspunkt	Lokalitet	2020	2021	2022	2023	Merknad
Pilot innfallsport	Sognefjellshytta Utsiktstopp sør for Fantesteinvatnet		x	x	x	- grønn markering viser utført tiltak innan merkevaren (lys grønn: påbegynt tiltak) Anlegget opna i 2018. Rekkverk rep. etter snøskader i 2019. Reklamasjon på gløstavlur, nye 2022. Nedtagbart rekkverk monter 2022. 2023: Tilpass gangvegssystem forbi ny terrasse. Toppunkt/ installasjon som viser namn på Smørstabbtindane-Hurrungane-Fannaråken
Skiltstativ med nye skilt etter ny mal	Sognefjellshytta Krossbu Turtagrø					Del av pilotprosjektet, utført 2018. Del av pilotprosjektet, utført 2018 Del av pilotprosjektet, utført 2018
Nye skilt på stativ samlokalisert med andre	Gjendeområdet Vargebakkane, Valdresfya					Nye tavler Gjendeosen og Reinsvangen, samarbeid med Nasjonale Turistveger i 2019 Eventuelt samarbeid på infopunkt i regi av Turistvegprosjektet
Nye skilt på eksisterande stativ	Juvfya Gjendebu og Memurubu Koldeålen Glitterheim ved bom i Veodalen Eidsbugarden Bygdin Spiterstulen/Visdalen Leirvassbu Mot Leirvassbu ved Vegaskjelet/Fv.55		x		x	Del av pilotprosjektet, utført 2018 Utsifting gamle tavler Gjendebu og Memurubu i 2018 Utsifting gammalt skilt i 2018. Bør fornyast, falma trykk Erstatta portstolpar med skilt nytt design. Utsifting skilt, eksisterande stativ 2019-20 Erstatta øydelagt skilt med eitt i nytt design. Format tilpassa kommunal informasjon Bygdin aust: Tavle ved brygga, gammal design, bør skiftast. Vente på avklaring i reg.plan Godkjent ombruk av stativ/skifertavler. Montering vår 2022 Godkjent ombruk av stativ/skifertavler. Montering og tiltak rundt tavla vår 2022 Samarbeid med turistvegprosjekt ved Vegaskjelet
Nye tavler og tiltak med utforming etter merkevaren	Utladalen / Hjelle Utsiktsplattform Vettisfossen	x	x			Nye tavler på parkering og opplysningskilt ved bom inn til Utladalen, Forprosjekt 2020. Prosjektering 2021. Bygd i 2022. Litt arbeid med revegetering står att
Annan informasjon	Ambulerande natursti Temabrosjyrer plante- og dyreliv Nettside			x	x	Sjå i samanheng med skuleopplegg/undervisning og arrangement Fleire etterspør meir naturfagleg informasjon enn det som er i ny brosjyre Nettside ny merkevare, delfinansiert i 2019, supplert 2020. Tot. 87.500 + eigeninnsats
Merkevaren – Kundevisa – overordna skiltplan	Brune skilt hovudvegnett, nytt design					Skilting frå hovudferdselårene rundt verneområde. Innspel Statens Vegvesen
Stinetet – oppgradering og vedlikehald	Vedlikehald Vedlikehald Vettisfossen nede og oppe Oppgradering sti opp frå Vetti Mot Galdhøpiggen frå Spiterstulen Besesgstien, kanalisering, omlegging Glittertinden Krossbu mot Bøverbreen, natursti Rundtur Turtagrø Svartdalsoksle Gravdalen til Storutladalen	100 20 80 utsett x x x x	100 20 x x x x	x x x x x	x x x x x	Større vedlikehald, jf prosjektplan for stiprojektet, til fordeling der behovet er størst Vedlikehald Oppgradering med steinsetning og rekkverk Tiltak med kanalisering og restaurering/revegetering. T-merka, Dialog DNT Tiltak ned mot Bandet/Bessvatnet. T-merka stig, dialog DNT. Forsterke kanalisering Kartlegge og vurdere , mogleg tiltak i 2023 eller 2024 Restmidlar infoprojekt og innkjøpte gangbaner. Samarbeid fjellsenteret og fjellstyret Utvikling av startpunkt etter merkevareregionen, vurdere i besøksstrategien Utført 2019 Avslutta dialog med DNT, vil behalde det som det er

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2022/10145-1

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 07.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	43/2022	14.11.2022

SNO-ressurs Jotunheimen og Utladalen - Sikre god overgang og kompetanseoverføring ved rekruttering av ny medarbeidar i 2023

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har fått informasjon om at SNO-ansvarleg gjennom mange år, Rigmor Solem, vil pensjonere seg ved utgangen av 2023. På bakgrunn av dette ber nasjonalparkstyret om at arbeidet med rekruttering av ny medarbeidar for SNO Jotunheimen og Utladalen vert sett i gang snarast, slik at ein får god overlapping i tid mellom avtroppande SNO-ansvarleg og den nye medarbeidaren i SNO for Jotunheimen/Utladalen.

Jotunheimen og Utladalen har svært mange besøkande, og eit velfungerande oppsyn er viktig for å ivareta verdiane i verneområda. For å oppretthalde god kontinuitet i oppsynstenesta meiner nasjonalparkstyret at det må lagast eit opplegg for overføring av kunnskapen til ein ny medarbeidar, i god tid før før Rigmor sluttar. Oppsynet er i tillegg til SNO-ressursen basert på tenestekjøp frå fjellstyra i kommunane rundt, og det er etablert eit velfungerande system med tilgang på lokalkunnskap og oppsynskompetanse strategisk plassert der dei ulike oppgåvene skal løysast. Deltaking i felles oppsynsmøte ved sesongstart i mai/juni ville vera ein stor fordel for den nye SNO-medarbeidaren.

Vi har også stiar som krev vedlikehald, og kulturlandskap med omfattande skjøtsel som krev oppfølging ved gjennomføring av mange ulike tiltak. Særleg når det gjeld styring og rising av edellauvskogbestandar i Utladalen er det viktig å ta vare på kunnskapen som er bygd opp gjennom praktiske erfaringar, da denne driftsforma har gått meir eller mindre ut av bruk i dagens landbruk. Skjøtsel i form av styrt beiting og slått/krattrydding er basert på ulike tenestekjøpsavtaler, og ein ny medarbeidar vil ha god nytte av ei innføring i korleis dei mange oppdraga med kulturlandskapsskjøtsel og vedlikehald av stinettet er administrert av SNO i dag. For at ein ny medarbeidar i skal kunne få ei praktisk innføring i pågåande skjøtelsarbeid og i ymse andre oppgåver for SNO-Jotunheimen og Utladalen hadde det vore ein stor fordel om ny medarbeidar kunne vore på plass allereie i mai 2023.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysningar

Rigmor Solem har varsla at ho kjem til å gå av med pensjon i 2023. I samband med dette vil det vera viktig å unngå vakanse i stillinga. Nasjonalparkstyret diskuterte saka under punktet *Eventuelt* i møte 13.09.22, og bestilte sak i neste styremøte for å følgje opp saka.

Vurdering

Forvaltninga av Jotunheimen og Utladalen er basert på eit tett og godt samarbeid mellom forvaltninga og oppsynet, og det er også etablert dialog og samarbeid med organisasjonar og lokalsamfunn – m.a. gjennom møte i rådgjevande utval og administrativt kontaktutval. Det er i tillegg til formelle møteplassar etablert eit breitt kontaktnett mot enkeltaktørar med tilknytning til verneområda.

Rigmor Solem har brei og lang erfaring innan oppsyn og skjøtsel, og ho har svært god lokalkunnskap om Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Ho har gjennom mange år bygd opp eit svært breitt nettverk mellom ulike fagmiljø og lokalsamfunn med tilknytning til desse to verneområda. For å sikre overføring av denne kompetansen og lokalkunnskapen trengst det derfor god overlapping i tid mellom avtroppande SNO-ansvarleg og den nye medarbeidaren i SNO for Jotunheimen og Utladalen. Ei slik overlapping vil vera ei svært god investering for å kunne byggje vidare på det som er bygd opp over tid, og bidra til kontinuitet i oppsynstenesta og til at den nyttilsette får opplæringa som trengst for å kunne handtere dei mange utfordringane som ein vil møte i desse to store verneområda med eit samla areal på rundt 1500 km². Rigmor Solem i SNO har i stor grad bidrege til å bygge nettverk mot dei mange som driv næring og aktivitet i tilknytning til verneområda, og det er ønskjeleg at ho kan vera med og presentere ein ny medarbeidar for dei mest sentrale nøkkelpersonane som har tilknytning til områda.

Oppsynet i Jotunheimen/Utladalen er i tillegg til SNO-ressursen basert på tenestekjøp frå fjellstyra i kommunane rundt, og ein har fått etablert eit velfungerande system med tilgang på lokalkunnskap og oppsynskompetanse strategisk plassert der dei ulike utførande oppgåvene skal løysast. Deltaking i felles oppsynsmøte ved sesongstart i mai/juni ville vera nyttig for den nye SNO-medarbeidaren. Det ville derfor vera ein stor fordel om rekrutteringsarbeidet kunne starte opp snarast, slik at ein ny medarbeider kunne vera på plass allereie frå mai 2023.

Saka blir foreslått sendt over som ei oppmoding til Miljødirektoratet.

Opplistinga under viser ulike arbeidsområde der avtroppande SNO-medarbeidar gjennom ein periode med overlapping vil kunne bidra til å gje den nye medarbeidaren eit godt grunnlag for sikre kontinuitet i dei mange oppgåvene som er knytt til forvaltninga av Jotunheimen og Utladalen.

- Lokalkunnskap om naturmangfald og utfordringar i verneområda
- Viktige ledd i oppsynstenesta, m.a. ordninga med tenestekjøp frå fjellstyra
- Tilsyn med skilting/merking
- Bli kjent med sentrale aktørar som driv næring og aktivitet rundt Jotunheimen / Utladalen.
- Administrasjon av stiltak
- Administrasjon og iverksetting av skjøtselstiltak

Arkivsaksnummer: 2022/9890-1

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 08.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	44/2022	14.11.2022

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Ressurs for informasjonsarbeid knytt til forvaltning av dei store verneområda

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen ser behov for at verneområdeforvaltninga blir supplert med ein fagleg ressurs til å drive informasjonsarbeid og kontakt mot reiselivet. Betre dialog og samhandling med reiselivet kan bidra til verdiskaping på ein måte som ikkje går ut over verneverdiane. Nasjonalparkstyret meiner det er nødvendig å supplere verneområdeforvaltninga med personell med fagleg bakgrunn for å fylle ein slik funksjon, og vil oppfordre Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet til å arbeide for at dette tiltaket blir lagt inn i det komande statsbudsjettet kap. 14.20.21.

Målet om auka verdiskaping knytt til nasjonalparkane krev ressursar for å kunne ta imot fleire gjester på ein slik måte at den auka bruken ikkje går ut over verneverdiane, og det vil bli viktig å utvikle eigna verktøy for å oppfylle formulerte mål knytt til bruk og vern.

Ei informasjonsstilling kan vera eit samarbeidstiltak mellom 2-3 styre, der nasjonalparkstyra sjølve styrer informasjonsressursen. Det kan vera fleire alternativ for lokalisering, t.d. Rådhuset i Luster, som er forvaltningsknutepunkt for verneområda Jotunheimen, Breheimen og Jostedalsbreen. Ein slik ressurs ville vera av stor verdi og tilføre miljøet i Luster svært viktig kompetanse som elles manglar her, og han vil evt. også kunne koplast mot kompetansemiljøet ved Breheimsenteret i Jostedalen. Ein annan modell kan vera knytt til fagmiljøet ved Norsk fjellsenter, som er autorisert besøkssenter og forvaltningsknutepunkt for Jotunheimen og Reinheimen, jf. intensjonsavtale godkjent i sak 15/2019. Det ligg godt til rette for å ha ein felles informasjonsressurs her, da ein også vil kunne samarbeide med det etablerte fagmiljøet med informasjonsmedarbeidarane ved fjellsenteret. Ein eventuell informasjonsressurs her bør også omfatte Breheimen, da fjellsenteret har bygd opp si utstilling med likeverdig informasjon om alle tre nasjonalparkane.

Val av organisering bør ikkje vera viktigaste spørsmål i første omgang, da ein kan sjå for seg ulike organisatoriske løysingar. Ei pilotsatsing med utprøving av eit par ulike modellar for å betre dialogen mellom verneområdeforvaltning og reiseliv kunne gje verdfulle erfaringar med korleis ein best kan leggje til rette for næringsutvikling i skjeringspunktet mellom vern og bruk.

Styreleiar og forvaltarar får fullmakt til å arbeide vidare med saka inn mot overordna styresmakter. Styremedlemmer og varamedlemmer blir oppmoda til å bruke sine kontaktar for å få nødvendige ressursar til å utvikle eit meir fagleg og målretta informasjonsarbeid knytt til verneområdeforvaltninga.

Dokument i saka

- KLD - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområder* (2019)
- Nordlandsforskning – rapport 2021 - *Evaluering av forvaltningsordningen for nasjonalparker og andre store verneområder* - <https://nforsk.brage.unit.no/nforsk-xmlui/handle/11250/2736237>
- Brev av 31.05.21 frå Miljødirektoratet til Klima- og miljødepartementet - *Evaluering av forvaltningsordning for nasjonalparker og andre store verneområder*
- Sak 27/2022 - *Reautorisasjon av besøkscenter nasjonalpark - Norsk Fjellsenter*
- Sak 15/2019 - *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen Intensjonsavtale Norsk Fjellsenter*
- Brukarrapportar frå brukarundersøkingar i Jotunheimen og Besseggen frå 2019.
- Miljødirektoratet – M-415 | 2015 - *Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder*

Saksopplysningar

Fleire verneområdestyre har teke opp spørsmålet om tilgang på fagressurs informasjon.

Dei to nasjonalparkstyra for Dovrefjell og Rondane-Dovrefjell har dei siste par åra hatt ei stilling som informasjonsrådgjevar i samarbeid med Norsk Villreinsenter Nord på Hjerkin. Prosjektet er tidsavgrensa til mars 2023. Erfaringane med å ha ein medarbeidar med særleg kompetanse innan kommunikasjon og reiseliv knytt til forvaltninga er gode, og dei to nasjonalparkstyra arbeider nå for å få gjort ei slik stilling permanent. Liknande arbeid skjer også i enkelte andre verneområdestyre. Jotunheimen er ein brukspark som toler ein god del besøk, men også her ser vi at dei store besøkstala kan by på utfordringar enkelte plassar.

Vi som arbeider med verneområdeforvaltning i det daglege, ser at informasjon via nettsider og sosiale media blir stadig viktigare. Det er mogleg å bygge opp brukbare nettsider i regi av forvaltninga, med tenestekjøp på heile eller delar av jobben. Forvaltarane for Jotunheimen og Utladalen har i hovudsak produsert innhald på sidene sjølve, og kjøpt tenester til oversetting, design/layout og teknisk drift. Andre har i stor grad nytta firma til å produsere også innhaldet innan den faste malen for publikumssider under fellesportalen *Norges nasjonalparker*.

Men faste nettsider, brosjyrar og informasjonstavler er ikkje nok i dagens samfunn. Brukarundersøking utført for Jotunheimen i 2019 viser at eit fleirtal skaffar seg informasjon om turen på nettet, før dei reiser heimanfrå. Sosiale media er ein viktig informasjonskanal, i tillegg til ordinære nettsider. Med dagens forvaltningsmodell er det verken tilstrekkelege ressursar eller god nok spisskompetanse til å kunne nå fram til publikum på ein profesjonell måte. Auka bruk av kanalar som Instagram og Facebook krev at ein er nærast dagleg til stades med postar som skaper interesse og merksemd om verneområdestyra sine sider – der ein finn korrekt informasjon om verneområda og naturen, regelverk, ferdselsvett og liknande. Aktiv profilering av nettsidene gjennom sosiale media er viktig for å få folk inn på våre sider når dei søker informasjon om nasjonalparken. Dagens situasjon er at våre sider ikkje kjem særleg høgt ved søk på Jotunheimen nasjonalpark.

Behovet for ei meir strategisk og aktiv forvaltning er også peika på i evalueringsrapporten frå Nordlandsforskning frå 2021, og rapporten konkluderer med mangel på ressursar i ein del område. I oversending av evalueringsrapporten til Klima- og miljødepartementet (KLD) skriv Miljødirektoratet m.a. følgjande: «*Rapporten viser at det er store forsinkingar i mange av styrenes vedtak av forvaltningsplaner og besøksstrategier. Det synes ikkje som mengden enkeltvedtak er noen avgjørende grunn til slike forsinkingar. Arbeidet med besøksstrategier har*

forsinket en god del styrer i arbeidet med forvaltningsplaner, til tross for at besøksstrategier etter intensjonen skulle bygge på forvaltningsplanene.»

Evalueringsrapporten peikar på at styre/sekretariat i stor grad manglar ressursar til aktiv strategisk forvaltning og at verneverdiane kan svekkast av dette. Dei fleste styra har for lite bemanning og ressursar til å møte kompleksiteten i forvaltningsutfordringane.

Dette er også omtala i oversendingsbrev av 31.05.21 frå Miljødirektoratet til KLD:

« - - Med økende antall besøkende, klimaendringer, bestandsnedgang for mange arter og tap av biologisk mangfold samtidig med tydelige forventinger lokalt knyttet til reiseliv og arbeidsplasser, er det et økende behov for en strategisk og aktiv forvaltning av verneområdene. De sekretariatene som har kompetanse og kapasitet til å jobbe strategisk, gjennomføre målretta tiltak og drive nettverksbygging og forankring m.m, vil ha best forutsetninger for å møte utfordringene for sitt verneområde. Som evalueringen viser i f.eks. Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark, hvor sentrale verneverdier er truet, så hindrer mengden enkeltsaker sekretariatet i å jobbe strategisk og planmessig som grunnlag for å igangsette nødvendige tiltak. I andre, mindre kompliserte områder finnes det både planer og strategier, mens gjennomføring av nødvendige tiltak begrenses av tildelte tiltaksmidler. Miljødirektoratet vil også påpeke at en mer aktiv og kvalitetsmessig markedsføring av nasjonalparkene som besøksmål med store opplevelsesverdier kan være utfordrende for styrene å balansere opp mot ivaretagelse av verneverdiene. - - »

Dette gjeld også for Jotunheimen og Utladalen. Med eit svært høgt tal besøkande, samanlikna med andre område, relativt stor saksmengd og større prosjekt som Utsiktspunkt Vettisfossen, strekk ikkje ressursane til for å legge nok trykk i arbeidet med forvaltningsplan, skjøtelsesplanar, besøkstrategi, osv.

Også andre offentlege publikasjonar peikar på behovet for styrka informasjon og forvaltning.

Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområder (KLD - 2019)

I handlingsplanen blir tettare tverrfagleg samarbeid framheva (s.39):

«For å bedre kvaliteten på utadrettet kommunikasjon, bør det utvikles et tettere tverrfaglig samarbeid mellom de som arbeider med formidling. I dette arbeidet er museer, naturveiledere, natur- og kulturminneforvaltning, utdanningsinstitusjonene, natur- og kulturminneguidene og den enkelte bedrift viktige.»

Besøksstrategi - merkevare

Alle nasjonalparkar skal ha ein besøksstrategi – jf. Miljødirektoratet M-415/2015.

Besøksstrategien skal vera ein del av forvaltningsplanen for verneområdet. Jotunheimen nasjonalpark har godkjent besøksstrategi frå 2012, og var ein av 4 pilotar i implementering av ny merkevare i besøksforvaltninga. Strategien er under revisjon.

Kommunikasjon er ein viktig del av besøksforvaltninga. Besøksstrategiane skal ifølgje Miljødirektoratet ha ein plan for korleis vi kommuniserer best mogleg med dei besøkande i verneområda. Merkevaren *Norges nasjonalparker* legg føringar for korleis ein kan bygge opp denne kommunikasjonen. Merkevaren skal gje ein samla visuell identitet for aktørane under merkevaren, men bruk av visuelle element er berre ein del av den samla strategien. Overfor nasjonalparkstyra er det forventningar om satsing på fleire punkt under merkevaren:

- Innfallsportar og informasjonspunkt
- Besøksretta heimeside
- Facebook
- Instagram
- Heimeside for styret
- Brosjyremateriell
- Kommersielt merke
- Fleire nasjonalparkar er også knytt til eit autorisert besøkscenter. Norsk fjellsenter er autorisert senter for Jotunheimen og Reinheimen, og er også forvaltningsknutepunkt. Autorisert senter for Breheimen og Jostedalsbreen nasjonalpark er Breheimsenteret i Jostedalen.

Det seier seg sjølv at det er krevjande å følgje opp alle punkta over på ein god måte.

Heimelsgrunnlag

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert frå 01.01.2020.

Vedtektene kap. 8 omhandlar oppgåvene til styret. Punkt 8.2 Skjøtsel og besøksforvaltning: «- - Styret kan som forvaltningsmyndighet legge til rette for at verneområdenes potensial for verdiskaping utnyttes innanfor rammen av verneforskriftene og naturmangfoldloven. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanene som omhandler besøksstrategi. Styret skal ikke opptre som næringsaktør, men bør i denne sammenhengen innlede et samarbeid med lokalt reiseliv/øvrig reiseliv, samt det autoriserte besøkscenter. Nasjonalparkstyret skal utarbeide årlige prioriteringer av skjøtelses- og forvaltningstiltak i verneområdene i tråd med den flerårige tiltaksplanen.- -»

Punkt 8.4 Grensemerking og informasjon:

«- - Som forvaltningsmyndighet skal styret i besøksstrategien vurdere behovet for særskilte informasjonstiltak. Styret er hovedansvarlig for informasjonstiltak og skal gjennomføre dette i henhold til Miljødirektoratets merkestrategi.- -»

Vurdering

Forvaltninga av norske nasjonalparkar har endra seg mykje frå 1980, da Jotunheimen vart oppretta saman med Utladalen landskapsvernområde. Forvaltninga var tidlegare mest oppteken av å skjerme verneområda i størst mogleg grad, men hadde samtidig eit mål om av nasjonalparken skulle vera ein arena for det enkle friluftslivet. Den første verneforskrifta hadde ein restriksjon på kommersiell aktivitet, men denne vart teken bort som ei oppfølging av den såkalla fjellteksten frå 2003. Jotunheimen og Utladalen har lange tradisjonar innan fjellturisme, og friluftsliv og naturbasert reiseliv har heile tida vore sentrale brukarinteresser. Med innføring av den nye merkevaren *Norges nasjonalparker* i 2015 med hovudbodskap *Velkommen inn!* gjekk utviklinga som starta i 2003 eit trinn vidare, og miljøstyresmaktene forventa sterkare fokus på at fleire besøkande skulle få eit møte med nasjonalparkane.

Overordna føring var at nasjonalparkane i større grad enn tidlegare skulle bidra til auka verdiskaping, og det vart stilt krav om ei meir aktiv besøksforvaltning. Alle verneområda skulle ha ein overordna besøksstrategi, og dei besøkande skulle møtast av tilrettelegging ved ein felles visuell profil på skilt og andre element ved innfallsportane.

Jotunheimen har i stor grad fått oppdatert informasjonen med tavler ved dei mest besøkte innfallsportane, men vi har ein lang veg å gå for å bli ein viktig informasjonskanal overfor besøkande når det gjeld nettbasert informasjon / sosiale media.

Kommunikasjon og informasjonsarbeid er eit eige fag, og ikkje alle nasjonalparkforvaltarane har denne kompetansen. For likevel å følgje opp vil ein bruke uforholdsmessig mykje tid på slik arbeid. Kontinuerleg kommunikasjonsarbeid opp mot sosiale media krev kunnskap og tid (lage innlegg, annonser og promotering), og å svare ut henvendingar/spørsmål. Fordelen med å ha en dedikert person som jobbar med informasjon og kommunikasjon er fleire. Særleg arbeidet med sosiale media, informasjon på internett og dialog med reise- og næringslivet krev litt anna kompetanse enn det som ein vil etterspørja for å ha ei naturfagleg kunnskapsbasert forvaltning av verneverdiane.

Sekretariata for verneområdestyra i Noreg har eit stort spenn i arbeidsoppgåver, og arbeid med besøksstrategi og merkevare er nye oppgåver som har kome til dei seinare åra. Dette betyr både auka arbeidsmengde samla, og krav til utvikling av ny kompetanse. Informasjon er eit viktig verkemiddel i dagens forvaltning av verneområda, og treng å bli profesjonalisert. Ein ressurs med profesjonalitet på informasjons- og kommunikasjonsarbeid, kan gje ekstra fordelar i dialogen med reiselivet når det gjeld bruk og vern.

- Bidra til at forvaltninga framstår meir einheitleg og koordinert på tvers av vernegrenser
- Få fram samarbeid med aktørar som driv aktivitetar i fleire verneområde
- Bidra til differensiert forvaltning mellom ulike verneområde og i tid og rom innan einskilde område
- Ein informasjonsmedarbeidar kan bidra til å skape betre dialog mellom forvaltning og næringsaktørar knytt til verneområda.

Det kan vera ulike alternativ for å få ei meir offensiv og strategisk satsing på informasjons- og kommunikasjonsarbeid knytt til verneområdeforvaltninga. Uansett organiseringsmodell vil det vera behov for å få tilført ressursar. Eit samarbeid mellom to eller fleire verneområde synest mest realistisk ressursmessig, og kan også gje synergjar i form av meir samarbeid på tvers av vernegrenser. Når det gjeld organisering kan ein sjå for seg ulike modellar:

Alternativ 1:

- Avsender av informasjonen er nasjonalparkstyra. Styra vil instruere stilingen direkte.
- Omfanget av informasjonsarbeidet tilseier ei 100 % stilling fordelt på 2-3 styre.

Alternativ 2:

- Ei eige informasjonsstilling plassert ved det autoriserte informasjonssenteret med særleg ansvar for forvaltningsretta informasjon på vegne av dei aktuelle nasjonalparkstyra.
- Løysinga vil vera i tråd med intensjonsavtalen godkjent av nasjonalparkstyret i sak 15/2019, med slik bakgrunn: «*Aktørane i forvaltningsknutepunktet utgjer eit tverrfagleg miljø som gjennom eit formelt samarbeid kan få lyfta arbeidet med nasjonalparkane til å bli ein enda sterkare ressurs i besøksforvaltninga. Samarbeidet skal bidra til betre samspel med lokalt og regionalt reiseliv og anna næring for å nå mål om berekraftige aktivitetar og verdiskaping i og kring nasjonalparker og verneområde. Dette er i samsvar med autorisasjonsavtala mellom Norsk fjellsenter og Miljødirektoratet og Vedtekter for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og for Reinheimen, pkt. 8.2 og 8.3. (syner til vedtekter for nasjonalparkstyra pkt. 8.2, og autorisasjonskriteria for besøkssenter). Vidare samlar forvaltningsknutepunktet viktig kompetanse, utviklar sterke fagmiljø og blir ein attraktiv arbeidsplass.*»

Det kan også vera andre modellar, og det kunne vore ein fordel å få oppretta ein eller fleire pilotar for uttesting av korleis ein best kan samarbeide med reiselivet for ei aktiv besøksforvaltning som både sikrar verneverdiar og legg til rette for verdiskaping som kan gje arbeidsplassar i distrikta med store verneområde.

ST 45/2022 Eventuelt